HØGSKOLEN I OSLO
OG AKERSHUS

JB2900 1 Fordypningsoppgave

# Kandidat 105

| Oppgaver | Oppgavetype | Vurdering | Status |
|---|---|---|---|
| Informasjon | Dokument | Ikke vurdert | Levert |
| 1 Besvarelse | Filopplasting | Manuell poengsum | Levert |
| 2 Evt. vedlegg | Filopplasting | Manuell poengsum | Ikke levert |
| 3 Evt. vedlegg | Filopplasting | Manuell poengsum | Ikke levert |
| 4 Evt. vedlegg | Filopplasting | Manuell poengsum | Ikke levert |

JB2900 1 Fordypningsoppgave

| | | | |
|---|---|---|---|
| Emnekode | JB2900 | PDF opprettet | 02.06.2017 12:22 |
| Vurderingsform | JB2900 | Opprettet av | Yan Hoffmann |
| Starttidspunkt: | 26.05.2017 18:00 | Antall sider | 57 |
| Sluttidspunkt: | 02.06.2017 12:00 | Oppgaver inkludert | Ja |
| Sensurfrist | 201706230000 | Skriv ut automatisk rettede | Nei |

# Seksjon 1

1 OPPGAVE

## Besvarelse

Last opp besvarelsen din her:

*Last opp filen her. Maks én fil.*

BESVARELSE

**Filopplasting**

| | |
|---|---|
| Filnavn | 17119461_cand-5704855_17117467 |
| Filtype | pdf |
| Filstørrelse | 2543.838 KB |
| Opplastingstid | 01.06.2017 19:12:53 |

Neste side
**Besvarelse vedlagt**

JB2900

Tverrfagleg fordjupingsoppgåve

# ”Har stemmene frå byggjeplassen hammar i handa?”

Kjeldebruk og representantmakt i norsk presse si dekning av bygningsarbeidarar.

Ei kvantitativ og kvalitativ innhaldsanalyse.

Kandidat: 105

Våren 2017

Høgskolen i Oslo og Akershus

## Innhald

**1. Introduksjon**

1.1. Innleiing ____ s. 4
1.2. Problemstilling ____ s. 4
1.3. Bakgrunn ____ s. 5

**2. Teoretisk grunnlag**

2.1. Tidlegare forsking ____ s. 6
2.2. Kjeldeteori ____ s. 6
2.3. Klassar ____ s. 7
2.4. Innvandring og nasjonalitet ____ s. 8

**3. Metode**

3.1. Val av metode ____ s. 8
3.2. Utvalet ____ s. 8
3.3. Kodeprosess ____ s. 9
3.4. Kvantitativ innhaldsanalyse ____ s. 10
3.5. Kvalitativ tekstanalyse ____ s. 11
3.6. Validitet og reliabilitet ____ s. 11

**4. Funn**

4.1. Kvantitativ innhaldsanalyse ____ s. 12
4.1.1. Mediefordeling ____ s. 12
4.1.2. Relevans og prioritering ____ s. 13
4.1.3. Tema ____ s. 14
4.1.4. Stemmer og kjeldebruk ____ s. 15
4.1.5. Innvandringskontekst ____ s. 20
4.1.6. Kjønn: Kjeldene og journalistane ____ s. 21
4.1.7. Sjangrar ____ s. 21
4.1.8. Endring over tid ____ s. 22
4.1.9. Oppsummering ____ s. 23

4.2. Kvalitativ innhaldsanalyse ____ s. 25
4.2.1.”Drømmen om god jobb i Norge ble et mareritt” ____ s. 25
4.2.2.”Timelønn: 8 kroner” ____ s. 27
4.2.3. ”Advarer mot kaos på byggeplassene” ____ s. 29

**5. Konklusjon** ____ s. 31

**6. Litteratur** ____ s. 35

**7. Vedlegg**
7.1. Magasinet for fagorganiserte: ”Drømmen om god jobb i Norge ble et mareritt” (4 sider) ____ s. 43
7.2. Klassekampen: ”Timelønn: 8 kroner” (1 side) ____ s. 47
7.3. Dagens Næringsliv: ”Advarer mot kaos på byggeplassene” (2 sider) ____ s. 48
7.4. Kodebok (3 sider) ____ s. 50
7.5. Oslo registerklasseskjema (ORCD) (1 side) ____ s. 53

# DEL 1: Introduksjon

## 1.1. Innleiing

Etter Brexit i Storbritannia, valet av Trump som amerikansk president og ei auka tilslutning til høgrepopulistiske retningar (Taraku 16.03.17), er dagens arbeidarklasse igjen i søkelyset. Ein har i det heile kunna få inntrykk av at ei stor gruppe menneske "på golvet" føler seg overkøyrt av makta (NRK.no 09.11.16), og diskusjonane om grasrot mot elite er atter kome på agendaen.

Med den aukande mistilliten til etablerte medium i arbeidarklassen (Edelman.com 15.01.17) er det kanskje rimeleg å snu seg mot pressa og spørja: Vert enkelte samfunnslag sine problemstillingar neglisjert av media? Opptrer journalistar som ein del av eliten ein no ser forakt mot? "Nyheitsmedia har makt til å la folk snakke, eller å tie dei – å gje grupper ei stemme, eller etterlate dei stemmelause", skriv Thorbjørnsrud og Figenschou (2016, s. 337) [mi omsetjing]. Korleis denne makta kjem til syne i dekninga av arbeidarklassen, er blant spørsmåla dei komande kvalitative og kvantitative studia vil freiste å ta føre seg.

Som ein del av prosjektet "Unpacking the modern working class: Life chances, social cohesion and recognition in an age of migration", vil denne fordjupingsoppgåva sjå på pressedekninga av ei yrkesgruppe innanfor arbeidarklassen: Bygningsarbeidarar. Forskingsprosjektet som heilskap søkjer å få ei forståing av kven arbeidarklassen i Noreg er i dag, og korleis den høver seg til samfunnet, sentrale institusjonar og regjeringa.

I Arbeidspakke 3, kor denne oppgåva er skriven under, er fem riksaviser og eitt fagblad valde til å studere dekninga av bygningsarbeidarar gjennom to periodar (2006/2007 og 2016/2017), med eit komparativt føremål. Utvalet av avisene er gjort ut frå eit siktemål om breidd i materialet og analysen: Verdikonservative Aftenposten som Noregs største abonnementsavis, næringslivsavisa Dagens Næringsliv, folkelege Verdens Gang – begge tradisjonelt liberalt orienterte, og dessutan Klassekampen og Dagsavisen, som heiter til å vende seg meir mot arbeidsfolk, og venstresida i politikken. I tillegg er Magasinet for fagorganiserte (LO Media), fagbladet for mellom andre byggfaga, med i populasjonen.

## 1.2. Problemstilling

Denne oppgåva vil studere korleis desse media dekkjer ei arbeidarklassegruppe med ein betydeleg del menn og innvandrarar:

**Kva kjenneteiknar norsk dags- og fagpresse si dekning av bygningsarbeidarar?**

Med problemstillinga som grunnlag, vil oppgåva vidare ta føre seg følgjande spørsmål:

1. Kva for tema er gjennomgåande i presseoppslaga?
2. I kor stort omfang får bygningsarbeidarane sjølv snakke, og i kor stor grad finn representantmakt stad? Får yrkesgruppas innvandrarar kome til orde?
3. Er det skilnad mellom korleis dei ulike media dekkjer yrkesgruppa?

Eit materiale på 238 artiklar vil danne grunnlaget for både den kvantitative og kvalitative innhaldsanalysen som vil forsøkje å setje lys på denne problemstillinga. Ettersom omtale av bygningsarbeidarar i norske medium er eit område det er forska lite på, vil problemstillinga forsøksvis vere *eksplorativ* – utforskande (Østbye, Helland, Knapskog, Larsen og Moe 2013, s. 267). Ved ei slik tilnærming ynskjer ein å bli kjent med feltet, og metoden har høve til å tilpasse seg uventa forhold etterkvart som dei kjem til syne i undersøkinga (ibid.).

**1.3. Bakgrunn**

Noreg, det tredje mest likestilte landet i verda (World Economic Forum 2016), har framleis ein kjønnssegregert arbeidsmarknad (Orupabo 2016, s. 9). Blant alle yrkesaktive er det omlag like mange kvinner som menn, men fordelinga mellom kjønn er ujamn i over halvparten av yrkesgruppene (Bakken 2009, s. 80 og NRK.no 28.05.15). Kjønnsskilnadane er tydelegast i dei yrkesretta fagfelta: Av mannsdominerte yrke skil bygg- og anleggsfag, industri, metallarbeid og transport seg ut, medan helse- og omsorgsyrke og reinhald i stor grad er dominerte av kvinner (Bakken 2009, s. 82). Korleis denne ujamne kjønnsbalansen syner seg i dekninga av bygningsarbeidarar, vil analysedelen i oppgåva sjå nærmare på.

Yrkesgruppene innan bygg og anlegg har samstundes ein stor del arbeidsinnvandrarar (Andersen og Jordfald 2016, s. 17). Etter at Den europeiske union utvida austover i 2004 (ibid.), og EU sitt tenestedirektiv var oppe til diskusjon i 2005 og 2006, vart det lettare for arbeidarar frå EU- og EØS-land å ta jobb i andre medlemsland – uavhengig av lønsskilnadar lokalt (Regjeringen.no 29.10.09). I denne perioden såg ein ei auka tilstrøyming arbeidarar til Noreg, og talet lønstakarar på korttidsopphald frå EU-land i Aust-Europa held framleis fram med å vekse. Heile 27 prosent av desse arbeider i bygg- og anleggssektoren (SSB.no 04.04.17). Med det har Noreg etablert seg som det største landet i Norden for mottak av arbeidsmigrantar frå dei nye EØS-landa, kor Polen er landet flest kjem frå (Friberg og Tyldum (red.) 2007). Ein ser samstundes at stadig fleire av arbeidsinnvandrarane austfrå vel å bli verande i Noreg (Friberg 2013, s. 70-71).

## DEL 2: Teoretisk grunnlag

### 2.1. Tidlegare forsking

Opp igjennom den medievitskaplege fagtradisjonen har det jamt blitt forska på marginaliserte grupper og minoritetar i norsk presse. Omgrepet marginalisering vil i denne oppgåva lene seg på Eide sine definisjonar: ”(…) at en gruppe mennesker, et tema eller et område blir forskjøvet til randsonen, dit medienes lyskjegler knapt når frem” (Eide 2006, s. 243), og ”at noen former for erfaring blir definert som perifere” (Eide 2006, s. 244-245).

Arbeidarklasserepresentasjon generelt, og bygningsarbeidarar spesielt, verkar å ha vore eit område som så langt har blitt gjeve lite merksemd. I 2010 fann likevel Mèlinauskaitè at når litauarar (derunder bygningsarbeidarar) vart omtalte i norsk presse, var det i stor grad i ein kontekst av trugsel eller konflikt (s. 40). Desse fekk særs i liten grad mogelegheit til å tale i saker som angjekk dei: I berre 16 av 443 artiklar vart desse siterte – ei oppslutning på i underkant av fire prosent (Mèlinauskaitè 2010, s. 50).

Samstundes har Pantti og Husslage konkludert at ”vanlege menneske” no, i større grad en tidlegare, har fått anledning til å kome til orde i nyheitene (2009, s. 5). Dei argumenterer for at konteksten desse stemmene får opptre i, er for å tilføre sakene kjensler og eit krydder av personlege perspektiv (2009, s. 9-10). Også Kumpu og Kunelius avdekkjer dette, men held fram at førekomsten i breiast grad gjeld reportasjesjangeren spesielt (2012, s. 327).

I 2014 fann Figenschou og Beyer at dominansen av maktelitekjelder var stor i norske medium sine artiklar om innvandring: I to av tre saker var desse hovudaktørar (s. 38). Noko overraskande utgjorde 25 prosent av kjeldene ”vanlege folk” – halvparten av desse med innvandrarbakgrunn (Figenschou og Beyer 2014, s. 39). Når grasrotkjelder fekk kome til orde, såg forskarane at dette i stor grad var i kraft av deira subjektive erfaringar (ibid.). Sjangeren desse minoritetskjeldene opptredde hyppigast i, viste seg å vere nyheitssjangeren (Figenschou og Beyer, s. 42), i motsetnad til kva Kumpu og Kunelius fann om reportasjen (2012, s. 237). I dekninga av irregulære immigrantar, har kjelder frå den påverka gruppa sjølv vist seg låg. Ein studie frå 2016 synte at migrantane sto for ni prosent av sitata i den totale dekninga av gruppa – også her først og fremst med funksjonen å dele historier frå eigne liv (Thorbjørnsrud og Figenschou 2016, s. 344).

### 2.2. Kjeldeteori

I analysen vil to hovudgrupper av kjelder bli refererte til: Elite- og grasrotkjelder. Elitekjelder vil her bli nytta om aktørar med definisjonsmakt innanfor politikk eller økonomi, eller med

makt i kraft av institusjonen dei representerer og/eller utdanninga eller profesjonen dei har (Allern 2015, s. 94). I motsetnad blir grasrotkjeldene enkeltstemmene av ”vanlege folk” som ikkje representerer nokon institusjon (ibid.).

Eide sin fem-trinns kjeldestige vil bli nytta i den kvalitative analysen. Den tek føre seg ulike måtar ”dei andre” blir representerte på, gjennom: 1. Ekstern observasjon, 2. Representert gjennom avløysar, 3. Ei-setnings case-ar, 4. ”Den andre” med ei livshistorie, og 5. ”Den andre” som får snakke utanfor seg sjølv (Eide 2011, s. 148-154) [mi omsetjing]. I doktorgradsavhandlinga si fann Eide at minoritetsgrupper ofte blir snakka *om* i staden for *med*. Herifrå vil oppgåva òg ta med seg omgrepet ”othering” – ”annangjering” (ibid.) til å studere representasjonen av bygningsarbeidarar i den kvantitative analysen.

Tvedt framsette i 2009 omgrepet ”stedfortredermakt”, heretter omsett til representantmakt, som tyder at leiarar i eit system iscenesett seg sjølv som ”talsmenn for de fattige” – som eit slags talerøyr for store grupper eller nasjonalitetar (2009, s. 28). I denne konteksten vil omgrepet bli brukt om korleis elitekjelder tek ordet for menneska som er vedkomne i den faktiske situasjonen. Liknande fann Fjeldstad og Lindstad at representantar snakka på vegne av minoritetar i to av tre tilfelle (1997, s. 31).

**2.3. Klassar**

Spørsmålet om klassar vart kalla ”*the* question of sociology” av Anthony Giddens, og er blitt forska på frå Marx til i dag (Flemmen 03.12.2014),. Nært vår tid har Bourdieu sitt materiale hatt stor tyding på moderne klassedefinisjon. I *Distinksjonen* frå 1979, argumenterer han for at også andre faktorar enn økonomiske, til dømes utdanning, smak og livsstil, er med på å definere det som distingverer klassar frå kvarandre (Bourdieu 2002).

I 2014 tok norske sosiologiforskarar opp denne tradisjonen i utviklinga av ”Oslo registerklasseskjema” (heretter referert til som ORDC eller ORDC-modellen) (Hansen, Andersen, Flemmen og Ljunggren 2014, s. 26). Modellen avgrensar klassar på to måtar: Vertikalt: Mengd av ressursar eller kapital, og horisontalt: Kva for type ressurs det er snakk om (ibid.). Skjemaet deler også samfunnet inn i seks lag; etter kulturell kapital, profesjon og økonomi (Hansen et al. 2014, s. 27) (Sjå vedlegg 7.4.).

Å definere ei stor gruppe som ”arbeidarklasse” er ikkje uproblematisk. Det vil her vere naudsyneleg å gjere greie for kva som ligg til grunn når omgrepet vert nytta. I tråd med ORDC, vil bygningsarbeidarar i stor grad høyre til i hovudkategorien ”Arbeiderklasser og primærnæringer” under segmentet ”Ufaglærte og delvis faglærte arbeidere”.

### 2.4. Innvandring og nasjonalitet

Fordi store delar av artikkelpopulasjonen tek føre seg arbeidsinnvandring, vil nasjonalitet vidare bli eit relevant aspekt. Å avgrense etnisitet er omstridd, og seinast i Brochmann 2-utredninga (Regjeringen.no 2017) vart etnisitetsdefinisjonar problematiserte. Difor er ”nasjonalitet” og ”innvandring” valde som tilsvarande omgrep. I sine migrasjonsstatistikkar definerer SSB innvandrarar som menneske fødde i utlandet av utanlandsfødde foreldre, men som på eit tidspunkt har innvandra til Noreg (Regjeringen.no 2017, s. 32). Også born av innvandrarforeldre reknast i statistiske samanhengar som innvandrarar. Om enn ikkje uproblematisk: I kodeprosessen i denne oppgåva vil indikatoren for minoritet/majoritet vere kor vidt kjelda har eit norskklingande namn eller ikkje.

I kva for kontekst eller tema innvandrarane opptrer i, vil bli sentralt i diskusjonen vidare. Fjeldstad og Lindstad såg at dette i stor grad gjaldt saker om kriminalitet, og at gruppa vart framstilt som ei byrde for det norske samfunnet (1997, s. 5). Også Eide (2007) fann at innvandrarar ofte opptredde i ein kontekst av konflikt og kriminalitet, og som ”dei andre” sto fram som eit problem (s. 177).

## DEL 3: Metode

### 3.1. Val av metode

Med ein såpass stor populasjon artiklar som denne oppgåva tek føre seg, stiller det krav til å setje dei i system. Éin analysemetode vil kunne skaffe oversikt over tendensar i materialet, men den same vil ikkje naudsyneleg kunne avdekkje *korleis* dekninga har blitt slik. Med andre ord: Tilnærminga ein vel til teksten avhenger av kva ein ynskjer å undersøkje (Østbye et al. 2013, s. 62). Ettersom denne oppgåva leiter etter både samanhengar og eigenskapar, vil det kunne tenkjast føremålstenleg å nytte fleire metodar til å utfylle kvarandre. Kombinasjonen av desse vil vonleg bidra til å kompensere for svakheitene eller manglane dei respektive metodane måtte ha (Østbye et al. 2013, s. 125).

### 3.2. Utvalet

Det er viktig med eit avgrensa og klargjort materialomfang før ein set i gong analyseprosessen (Østbye et al., s. 212). Oppgåva vil difor vidare gjere greie for korleis det er gått fram for å hente populasjonen av artiklar oppgåva baserer dataa på.

Det samla materialet er henta frå avisarkiv-databasen Atekst, og er funne gjennom å nytte relevante søkjeord i følgjande tidsperiodar: Tredje kvartal 2006 (01.07.06–30.09.06),

første kvartal 2007 (01.01.07–31.03.07), tredje kvartal 2016 (01.07.16–30.09.16), og første kvartal 2017 (01.01.17–31.03.17). Periodane er valde ut i frå eit mål om samanlikning: Periodane i 2016 og 2017 for å knyte det nærmast mogeleg opp til dekning i notid, og ti år tidlegare som eit spreidd nok tidsrom til potensielt å kunne sjå utvikling eller skilnadar mellom dei to. Retriever-søket er òg avgrensa til dei seks utvalde publikasjonane (inkl. A-magasinet og nettutgåver). Det vart tidleg tydeleg at sosial dumping, svart arbeid og arbeidsinnvandring var gjennomgangstema, og difor vart ekstra søkekombinasjonar relatert til desse tekne med. Dei fleste søka har vore trunkerte (med *) frå ordstammen for å opne for alle relevante kombinasjonar av ordet. Til å generere materialet har desse søkeorda og -kombinasjonane blitt nytta: anleggsarb*, byg* AND dumping, byg* AND litau*, byg* AND polakk*, byg* AND polsk*, byg* AND østeuro*, byg* AND øst-euro, byggearb*, bygningsarb*, håndverker*, murer*, snekker*, tømrer* og veiarb*.

Etter genereringa har relevante og ikkje-relevante artiklar blitt skilt ut på bakgrunn av kor vidt dei handlar om yrkesgruppa eller ikkje. Eksempelvis er søkeordet håndverker* særs vidt i denne konteksten, men i etterkant av søket er berre artiklane om bygningsarbeidarar valde ut. Dette er blitt gjort for å plukke opp eventuelle saker som har falle utanfor med dei andre søkekombinasjonane. Det kvantitative datasettet inneheld tre kategoriar for relevans: Hovudtema, underordna tema og ”berre nemnt”. For å oppfylle relevanskravet, sjølv når bygningsarbeidarar er ”berre nemnt”, må yrkesgruppa vere omtalt i ein kontekst kor sjølve yrket er av tyding. Dømesvis har ingen artiklar om Farmen kjendis-vinnar ”Lothepus” blitt teke med, trass i at det er nemnt i bi-setningar at han er bygg- og anleggsarbeidar

Der det har vore to versjonar av same artikkel i både papir- og nettutgåve, har kodinga teke føre seg papirversjonen. Fordi nettutgåvene kan innehalde lenkjer, annonsetekst eller liknande, vil truleg ordteljinga i papirutgåva vere nærare det faktiske talet ord i artikkelen. I tillegg vil storleiken på papirutgåva truleg i større grad kunne uttrykke kva for prioritering saka har, i det den – i motsetnad til nettet – har eit tilmålt tal ord, og er eit resultat av utval og avgrensing. Dersom ei undersak tilfører noko nytt og annleis enn hovudsaka, eksempelvis ny vinkling, nye kjelder, nye faktaopplysningar eller har eigen byline, er desse koda som eigne artiklar.

### 3.3. Kodeprosess

Dei 238 artiklane er alle blitt koda i programvaren SPSS Statistics – eit kartleggings- og analyseverktøy mykje brukt i samfunnsvitskaplege forskingsmiljø (Østbye et al. 2013, s. 163). I programmet har det blitt laga variablar for kvar kategori som vart ynskja kartlagt: Medium,

framsidehenvising, storleik, relevans, sjanger, intern/ekstern produksjon, siterte stemmer (med kjønn og nasjonalitet), tema, tendens og journalisten sitt kjønn.

Variablane er laga med eit mål om gjensidig utelukkjande kategoriar: At alle einingar skal kunne passe inn i berre éin variabel (Østbye et al. 2013, s. 166). I enkelte tilfelle har dette vore utfordrande, spesielt i tema-kategorien. Fleire artiklar har dømesvis både handla om rekruttering og politikk. Løysinga har blitt å sjå på tittel, ingress og bilettekst, og ut frå det identifisere – og kode for – kva som her framstår som hovudtemaet. Enkelte stemmer eller aktørar har òg fleire rollar; til dømes Jonas Bals, Jonas Gahr Støre sin politiske rådgjevar. I første kvartal 2017 er han kjelde i fleire artiklar og kommentarar i samband med utgjevinga av boka *Hvem skal bygge landet*? I tillegg til å rådgje i Arbeiderpartiet, og vere på permisjon frå Fellesforbundet, er Bals i fleire samanhengar også nemnt i rolla som malar, noko boka òg tek føre seg. Likevel har han blitt koda som politikar fordi det oftast er i kraft av denne posisjonen han får uttale seg og blir omtalt. Når nokon slik får fleire roller, er ”stemme” blitt koda ut frå konteksten det kjem tydelegast fram at vedkommande representerer i denne saka.

**3.4. Kvantitativ innhaldsanalyse**

Sidan målet med oppgåva er å kartlegge eit relativt stort tal tekstar for å kunne identifisere trekk ved pressedekninga av bygningsarbeidarar, er kvantitativ innhaldsanalyse valt som éin av to metodar (Østbye et al. 2013, s. 207). Metoden ber mellom anna med seg fordelen at dei fleste storleikar her kan talfestast (Østbye et al. 2013, s. 62). Gjennom det opnar det seg mogelegheiter til å kunne skildre og avdekkje mønster i oppslaga, samt å finne ut korleis media framstiller ulike grupper i samfunnet (Østbye et al. 2013, s. 209). Den kvantitative innhaldsanalysen søker mot å vere objektiv, og dreier seg rundt det som kan registrerast på overflata av teksten, òg kalla det manifeste nivået (Østbye et al. 2013, s. 63).

Ved å nytte kvantitativ innhaldsanalyse på dette materialet, ynskjer oppgåva å finne ut korleis dekninga deler seg mellom media, kva for kjelder som vert brukte, kor prioriterte sakene er, kva for tema dei omhandlar, og kva for sjangrar yrkesgruppa opptrer i i pressa. Resultata vil ein oppnå ved å køyre krysstabellar i SPSS, kor ein får identifisert samanhengen rådataa i programmet. Samstundes vil ikkje ei kvantitativ analyse i tilstrekkeleg grad kunne utleggje konklusjonar om *korleis* og *kvifor* samanhengane er som dei er. Metoden egnar seg godt til oversikt og kartlegging, men for å kunne forstå kva som er symptomatisk for måten yrkesgruppa kjem til orde på, eller kva for vinklingar som pregar dei ulike temaa, må ein gå eit par skritt nærmare teksten.

**3.5. Kvalitativ tekstanalyse**

Dermed er neste metode valt kvalitativ. I motsetnad til kvantitet som dreier seg om tal, handlar kvalitet om kjenneteikn eller eigenskapar (Malt 04.09.15). På ein slik måte kan tekstane bli forstått gjennom mindre, meir nærgåande bestanddelar, og gjer det mogeleg å analysere konkrete døme frå artiklane. Gjennom å nytte kvalitativ innhaldsanalyse håpar oppgåva å vise korleis eit tema vert formidla, eller på kva for måte ei gruppe vert omtalt. Tekstanalysen opnar for fortolking (Østbye et al. 2013, s. 63), og er dermed ikkje naudsyneleg like objektiv som den kvantitative metoden. Med andre ord tek ein her omsyn til den (meir eller mindre) skjulte meininga eller fleirtydigheita i ein tekst, kalla det *latente* nivået (ibid.).

Sjølv om den i hovudsak dreier seg konkret om diskursanalyse som teori og metode, vil Yngve Benestad Hågvar sin ”analysegaid” (2007, s. 39-40) til presseoppslag til dels – og relativt fritt – bli nytta som verktøy til å kartlegge bakgrunn, sjølve teksten, og meiningane i den. Også Eide sine nivå av tekstlesing (2011, s. 55) vil vere ein del av grunnlaget for å sjå på korleis tydingane i teksten skapt gjennom verkemiddel og framstillingsformer.

**3.6. Validitet og reliabilitet**

Nærmast uavhengig av kva for metode ein nyttar, vil det det oppstå avvik mellom røynda og det som vert analysert (Østbye et al. 2013, s. 25). I kvantitativ forskingskvalitet vert denne differansen kalla målefeil (ibid.). På denne oppgåva er det blitt gjennomført ein interkodarreliabilitetstest for å teste pålitelegheita og kvaliteten i innsamlinga og kodeprosessen (Østbye et al. 2013, s. 27). Sjølv om det ifølgje Østbye et al. ikkje vil vere mogeleg å lage mål for kor godt innhaldskategoriane samsvarar med verkelegheita, vil det til dels kunne avdekkjast ved å la to personar kode det same materialet (2013, s. 221).

Difor er dette blitt gjennomført her, på fem prosent av artiklane. Reliabilitetstesten har køyrt krysstabellar mellom originalkoding og omkoding, og er blitt gjort ved hjelp frå førsteamanuensis Tine U. Figenschou ved HiOA. I testen rapporterer SPSS ein ”kappascore”, og ein kan sjå korleis kodarane har jobba likt og ulikt. Då min mot-kodar har jobba med omsorgsarbeidarar i sitt materiale, kan det tenkjast å ha påverka resultatet. Spesielt med tanke på kategoriane tema og relevans, har ein truleg hatt ulike inntrykk og utgangspunkt etter først å ha koda eit eige, stort materiale.

Variablane for grunntrekka ved artiklane syner høgt samsvar: Storleik (kappa 0,818), sjanger (kappa 0,834), kjelde (kappa 0,834) og journalisten sitt kjønn (kappa 0,945). Variabelen for stemme er testa på stemme 1, 2 og 3, og kjem ut med høvesvise resultat på kappa 0,623, kappa 0,720 og kappa 0,618. I denne kategorien måtte kodarane ta stilling til

fleire val: Om nokon er stemme 1 eller stemme 2 vil kodast ut frå kven som snakkar mest og/eller først. I tillegg inneber kategorien kven dette er (yrke). Med andre ord er det er det fleire avgjerder som skal matche, og resultatet er av Figenschou blitt vurdert som solid.

I likskap er tema ein kategori kor kodaren må utvise ein del skjønn. Mange av artiklane inneheld fleire tema, og ein må ta val om kva for eit som er viktigast og som vert koda. Kappascoren vart her 0,503, som ifølgje Figenschou reknast akseptabelt med eit slikt utgangspunkt. Variabelen med lågast utslag er relevansen saka har til den omtala yrkesgruppa. Ettersom det her er stor variasjon (0,282), bør resultata sjåast varsamt på. Dette kan truleg ha fleire grunnar: Kriteria har ikkje vore tydelege nok, og som nemnt har kodarane hatt særs forskjellige utgangspunkt til materialet. Samstundes er det første gong kodarane har føreteke kvantitativ kartlegging på denne måten. I tillegg har ikkje opponentane kommunisert på kva for måte ein har vurdert dei ulike variablane, noko som truleg burde blitt klargjort i forkant.

## DEL 4: Funn

### <u>4.1. Kvantitativ innhaldsanalyse</u>

#### 4.1.1. Mediefordeling

Ganske raskt kan ein sjå at dekninga er ganske spreidd mellom dei seks media: Frå den med færrast artiklar, VG med 24, til den med flest, Aftenposten med 58 (inkl. A-magasinet), skil det 34 saker. Altså har Aftenposten over same periode publisert over dobbelt så mange oppslag som omtalar bygningsarbeidarar. For å samanlikne kom/kjem dei begge ut dagleg (Aftenposten kom i 06/07-perioden to gonger om dagen), med om lag like stor storleik. Aftenposten, VG og Dagsavisen (fram til 2008) har alle hatt sundagsavis i tidsrommet, men korkje Klassekampen eller Dagens Næringsliv har kome ut denne dagen.

Vidare på lista kan ein få auge på ein tendens: Dei tradisjonelle ”arbeidaravisene”, Dagsavisen og Klassekampen, pustar Aftenposten i nakken med sine høvesvis 50 og 47 artiklar. Dei har begge har hatt mindre redaksjonar enn Aftenposten, som er avisa med det største opplaget i den siste perioden. Sjeldnast kom – og framleis kjem – Magasinet for fagorganiserte ut, med berre ti utgåver i året. Det kan difor forklare kvifor Magasinet, som mellom anna har byggjebransjen som dekningsfelt, her ender opp med såpass ”få” artiklar – plassert rett under midten. Prosentvis, ut frå mengda stoff som har kome ut i denne perioden, vil ein likevel kunne konkludere med at deira 32 artiklar syner ei relativt hyppig dekning.

Samanlikna med VG og DN har dei i same tidsrom gjeve ut fleire artiklar, sjølv med ein god del mindre spalteplass.

#### 4.1.2. Relevans og prioritering

| | | Relevans | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Hovudtema | Underorda tema | Berre nemnt | Total |
| Medium | Aftenposten | 21 | 21 | 15 | 57 |
| | Dagens Næringsliv | 7 | 9 | 11 | 27 |
| | Dagsavisen | 22 | 19 | 9 | 50 |
| | Klassekampen | 24 | 15 | 8 | 47 |
| | Verdens Gang | 10 | 12 | 2 | 24 |
| | A-magasinet | 0 | 0 | 1 | 1 |
| | Magasinet for fagorganiserte | 21 | 7 | 4 | 32 |
| Total | | 105 | 83 | 50 | 238 |

Krysstabellen Relevans x Medium syner talet relevante fordelt på redaksjon.

I kodeskjemaet kan fleire kategoriar seie noko om kor prioritert stoffet om bygningsarbeidarar er i dei ulike avisene, spesielt *relevans* og *storleik*. Samla har nærmare halvparten – 44 prosent – av alle artiklane yrkesgruppa som hovudtema. Klassekampen og Magasinet skil seg ut positivt: Av sine 47 artiklar i utvalet, har 51 prosent av Klassekampen sine saker bygningsarbeidarar som hovudtema. Avisa har i heilskap færre artiklar enn både Aftenposten og Dagsavisen, men kjem likevel ut med det høgste talet relevante artiklar. Prosentvis kjem Magasinet ut på topp, kor 66 prosent av oppslaga har bygningsarbeidarar som omdreiingspunkt. Under gjennomsnittet på 44 prosent finn ein DN (26 prosent), Aftenposten (36 prosent) og VG (42 prosent). Dagsavisen ligg nøyaktig på snitt.

Med tanke på storleik, er det sistnemnte avis som skil seg ut. Trass i nest flest artiklar i heile utvalet, har Dagsavisen færrast store saker av alle: 7 av 51 (14 prosent) har over 600 ord. Storleik åleine vil likevel ikkje eintydig kunne seie kor vidt bygningsarbeidarar er prioriterte eller ikkje. Også VG har forholdsvis mange små og mellomstore artiklar (63 prosent), som slått saman med eit av dei mindre utslaga på relevans, kan tenkjast som eit uttrykk for lågare prioriteringsgrad. DN er her blant publikasjonane med flest store saker (40 prosent). Men når ein trekk inn relevansprosenten på 26, seier det truleg at størsteparten av desse store artiklane likevel ikkje prioriterer spalteplass til yrkesgruppa spesifikt.

Igjen vert posisjonen til Magasinet (53 prosent) og Klassekampen (43 prosent) styrka, som kjem ut på topp prosentvis. Slått saman med dei mange artiklane med hovudtema, vil

resultata kunne indikere eit uttrykk for prioritering av bygningsarbeidarar. Oppslag som ”Færre nordmenn i bygg” (Klassekampen 20.01.17, s. 7) og ”Oslo bygningsarbeiderforening: Krever stor etterbetaling for syv polske medlemmer” (Magasinet 01.08.06, s. 34-35) illustrerer at ein her løftar fram yrket allereie i tittel. I motsetnad til Magasinet som har bygningsarbeidarar blant hovuddekningsområda, vil det tenkjast rimeleg at stoff om denne arbeidargruppa må vike for formålet eksempelvis DN har sett seg: Å dekkje næringsliv og økonomi. Når yrkesgruppa vert omtalt i DN, får den ofte plass i artikkelens periferi. I 41 prosent av artiklane er den ”berre nemnt”, altså er dette kategorien med høgst score hos næringslivsavisa. Ofte skjer dette i sakar som omtalar bransjen generelt, i undersetningar som: ”Bygg og anlegg nevnes først blant sektorene hvor Nav venter jobbvekst” – her i ei sak om at fagbrev innan handverk vil kunne vere ein fordel som ingeniør (Dagens Næringsliv 01.03.17).

Ei årsak til låg prioritering hos Aftenposten og VG kan truleg delvis koplast til layout og format. I papirutgåva har avisa definerte temasider for dømesvis innanriks- og utanriksnyheiter, debatt, sport og Osloby. Når bygningsarbeidarsakene går innunder nyheitsdekninga elles, med – i alle fall i papirutgåva – eit avgrensa tal sider, kan saker om yrket potensielt tenkjast nedprioritert for anna stoff.

**4.1.3. Tema**

To tema pregar storparten av den totale bygningsarbeidardekninga, og står til saman for opp mot 60 prosent artiklane: Konflikt og/eller trussel (30 prosent), og generelle arbeidsforhold (28 prosent). Nest etter følgjer politikk og arbeidsmigrasjon (15 prosent), og deretter rekruttering/utdanning (14 prosent). Motsett står kategorien ”yrkesgruppa som ressurs” for berre to prosent av utvalet med sine fem artiklar. Dei høyrer til høvesvis Magasinet (2), Aftenposten (2) og Klassekampen (1). Liknande funn ser ein frå Mėlinauskaitė sitt studium av litauarar i media (2010). I hovudsak vart desse framstilte i samband med konflikt- og trusselsaker i norsk presse (Mėlinauskaitė 2010, s. 40). Også Eide (2007) konkluderte med at innvandrarar ofte vart omtalte i ein kontekst av konflikt og kriminalitet (s. 175-177).

Konflikt/trussel og generelle arbeidsforhold er temakategoriar som, om ein studerer artiklane nærmare, i stor grad handlar om sosial dumping og/eller svart arbeid. Dette kan tenkjast som eit direkte resultat av den aukande arbeidsmigrasjonen (spesielt i periodane 2006 og 2007) som på denne tida kom frå Aust-Europa (Andersen og Jordfald 2016, s. 7 og 17). Noreg etablerer seg i denne perioden som eit stort mottakarland for austeuropeisk arbeidskraft til byggjebransjen (Dølvik og Eldring 2006, s. 3). Det syner seg framleis i siste utvalsperiode

– 12 og 13 år etter EU-utvidinga – at problemstillingar grunna dette også i 2016 og 2017 set sitt preg på kva tid, og i kva for kontekst, bygningsarbeidarar vert omtalte.

Klassekampen og Dagsavisen står for store delar av dekninga innanfor dei største temaa. Førstnemnte har produsert storparten av artiklane om politikk og arbeidsmigrasjon (31 prosent av totalen, 23 prosent av eiga dekning), medan Dagsavisen klart dekkjer flest artiklar om konflikt og trussel (31 prosent av totalen, 44 prosent av eiga dekning). Som tidlegare definert gjennom ORDC-klassemodellen (vedlegg 7.4.), utgjer bygningsarbeidarar ein del av arbeidarklassen (Hansen et al. 2014, s. 27). Då Dagsavisen (då: Social-Demokraten) vart oppretta i 1886, var det med mål om å samle ein splitta arbeidarklasse – ein profil avisa framleis delvis ber med seg (Pettersen 27.05.16). Også Klassekampen, etablert i 1969, tok sikte på å vere ei arbeidaravis – med dekning av og for arbeidarar (Braanen 07.02.09). Ut frå dette kan det tenkjast at ettersom desse avisene sine profilar og dekningsområder eksplisitt er målsett til å dreie seg om arbeidarklassen, vil dekninga av bygningsarbeidarar òg vere relevant og til stades i stoffmiksen deira.

Innanfor temaet konflikt og trussel har 60 prosent av artiklane (til saman 72 oppslag) høg grad av relevans, altså har bygningsarbeidarar som hovudtema. Også i kategoriane generelle arbeidsforhold og rekruttering/utdanning har dei fleste artiklane yrkesgruppa som hovudtema, kor rekruttering har 59 prosent som hovudtema, og arbeidsforhold har 42 prosent. Blant temakategoriane med lågare grad av relevans blant sakene, finn ein politikk og arbeidsmigrasjon, kor 40 prosent av artiklane har yrkesgruppa som underordna tema, og 31 prosent har berre nemnt bygningsarbeidarar og 29 prosent har dette som hovudtema.

#### 4.1.4. Stemmer og kjeldebruk

| **STEMME** | **TAL SITERTE** |
|---|---:|
| Yrkesgruppa sjølv | 85 |
| Fagforeiningsleiar, tillitsvelt | 89 |
| Arbeidsleiar, overordna | 11 |
| Arbeidsgjevar, sjef | 80 |
| Forskar, ekspert | 63 |
| Politikar | 35 |
| Byråkrat | 65 |
| Samfunnsborgar | 29 |
| Utdannar | 6 |
| Interesseorganisasjon | 4 |
| Anna | 5 |
| **TOTALT** | **472** |

Tabellen syner den talfesta representasjonen av kvar stemmegruppe i materialet (N=238).

Kva for stemmer ein ser kome til uttrykk vil kunne vere ein indikator for prioritering og framstilling av yrkesgruppa i dei ulike media. Av det totale talet kjelder er 85 av 472, 18 prosent, bygningsarbeidarar. Fagforeiningsrepresentantar står samanlagt for 19 prosent av stemmene. Isolert sett er yrkesgruppekategorien den nest største representert som kjelde, men nærare sett verkar kanskje ikkje kategorien like stor. For det første: Som stemme 1 kjem dei dårleg ut. Det vil seie at dei ofte får snakke mindre og/eller kjem seinare i tale enn andre i saka. Her er både fagforeiningskjelder og byråkratar i relativt høgt overtal, og nesten like mange forskarar som bygningsarbeidarar får snakke. Summerer ein stemme 1 og 2, kjem arbeidsgjevarar og yrkesgruppa sjølv nesten like mykje til orde. For det andre: Når ein legg saman alle stemmene som representerer eliten, utgjer desse 75 prosent av kjeldeutvalet, mot 24 frå grasrota – yrkesgruppa og samfunnsborgarar (den resterande éin prosenten er ”anna”-kategorien). Dette kjem oppgåva tilbake til frå side 15.

Svært mange byråkratar får tale som stemme 1, og er den nest mest siterte gruppa etter fagforeiningsleiarar og tillitsvalde. Det er i stor grad kjelder frå Arbeidstilsynet som står bak det høge utslaget. Blant sakene med konflikt eller arbeidsforhold som tema, handlar fleire artiklar om urette arbeidsforhold. Som ei naturleg følgje av pliktbrot eller tilsyn, kjem desse representantane ofte, mykje og tidleg til orde i desse oppslaga.

Kanskje noko overraskande kjem ”arbeidaravisa” Dagsavisen dårleg ut når det gjeld stemmer frå byggjeplassen. Med berre åtte frå yrkesgruppa i tale, utgjer det sju prosent av den totale kjeldebruken i sakene derifrå. Av riksavisene kjem Klassekampen prosentvis ut på topp, kor 20 prosent av dei siterte kjem frå yrkesgruppa. Til samanlikning har også Aftenposten 18 bygningsarbeidar i tale, men desse utgjer 17 prosent. DN, på si side, har 12 prosent stemmer frå yrket sjølv. Fordi at Klassekampen har fleire kjelder totalt (i forhold til talet artiklar) enn dei andre avisene, kan prosentfordelinga for yrkesgruppekjelder tenkjast å kunne bli noko lågare enn representativt. Det høge totaltalet kjelder her seier samstundes noko om at bygningsarbeidarane sjeldan får uttale seg i ein kontekst utan andre stemmer til stades.

Mediet med klart størst representasjon frå bygningsarbeidarane sjølv er Magasinet. Her står yrkesgruppa for 36 prosent av alle dei siterte stemmene. Fellesforbundet, som eig fagbladet, organiserer mellom andre bygningsarbeidarar, og desse er blant hovudyrkesgruppene i magasinet sitt dekningsområde. Det kan tenkjast å vere blant grunnane til den forholdsvis høge førekomsten av stemmer frå byggjeplassen. Ein vil òg kunne sjå føre seg at denne spesialiserte redaksjonen har inngåande kunnskap om – og erfaring med – yrkesgruppa. Ettersom publiseringspresset heller ikkje er like stort her, med utgjevnad ti gonger i året, har journalistane kanskje meir tid og ressursar til gjennomarbeida saker og

breiare kjeldeutval. I kraft av LO-eigarskapet, har Magasinet også som oppdrag å spegle lesarane/medlemmane sine, noko som her kjem til syne i kjeldegalleriet.

Eit gjennomgåande trekk når arbeidsgruppa kjem til orde, er at det som hovudregel ikkje skjer åleine. Det kan ein mellom anna avdekkje ved å sjå kor i rekkefølgja av kjelder desse får snakke. Berre Aftenposten, Klassekampen og Magasinet har tydeleg førekomst av bygningsarbeidarar som stemme 1 (altså den som er mest, og ofte først, sitert), medan yrkesgruppa elles ofte kjem til orde i mindre grad enn dei elles siterte i artiklar. I staden er bygningsarbeidarane og deira perspektiv representert gjennom andre. Dømesvis står fagforeiningsleiarar ofte fram som yrkesgruppas forsvarar, og som bererar for deira meiningar og rettar. Representantmakt (2009, s. 27), syner seg i utstrekt grad i dette utvalet. I saker som handlar om sosial dumping, svart arbeid og/eller arbeidsmigrasjon ser ein ofte fagforeiningsleiaren snakke for – eller meir enn – bygningsarbeidaren sjølv, trass i at dette er forhold som påverkar yrkesgruppa direkte. I artikkelutvalet frå 2017 ser ein til dømes svært ofte Per Skau snakke på vegne av arbeidarane, i kraft av sin posisjon som ansvarleg for bygg i Fellesforbundet. Slik Eide held fram, kan dei representerte elitekjeldene ha stor påverknad på rammene og rollane ”dei andre” får lov til å kome til orde innanfor (2011, s. 17).

Avisa med hyppigast førekomst av fagforeiningskjelder er Klassekampen. Med 31 siterte utgjer desse 32 prosent av deira totale kjeldebruk. Berre fagbladet har fleire: Her utgjer tillitsvalde og fagforeiningsrepresentantar 40 prosent. Årsaker til det kan truleg koplast til deira eigarskap, dekningsområde og lesargruppe, slik skissert ovanfor. Klassekampen har hatt eit eksplisitt mål om å dekkje nettopp fagforeiningsarbeid (Braanen 07.02.09), noko som kan ha vore med på å påverke kjeldenettverket, temaprioriteringa og til slutt bruken av kjelder. I tillegg vart avisa i vinter tildelt midlar frå LO til å prioritere arbeidslivsjournalistikk (Journalisten.no 21.11.16). Dagsavisen fekk òg dette same tilskotet[1], men dette ser ikkje ut til å spegle utvalet i særskilt grad.

Ettersom elitekjelder i teoridelen vart definert som personar med makt og/eller representantar for ein institusjon (Allern 2015, s. 94), vil det seie at av kategoriane det her er blitt koda for innan variabelen ”stemme” er: Fagforeiningsleiarar, arbeidsleiarar, arbeidsgjevarar-representantar, forskarar/ekspertar, politikarar, byråkratar og utdannarar elitekjelder – og yrkesgruppa og samfunnsborgarar blir grasrotkjelder.

Ut frå denne samanstillinga ser ein totalt sett ein utstrekt bruk av stemmer frå eliten, slik også Figenschou og Beyer fann i 2014 (s. 23). Samanlikna med deira funn om 25 prosent

[1] Dagsavisen vart tildelt ti millonar kroner, medan Klassekampen fekk ni millionar (Journalisten.no 21.11.16).

grasrotkjelder (Figenschou og Beyer 2014, s. 38), ser ein her at 24 prosent av dei siterte er ”vanlege” folk, og 18 prosent er bygningsarbeidarar. Ein studie av irregulære immigrantar viste på si side at innvandrarane sjølv kom til orde i ni prosent av sakene som omhandla dei direkte (Thorbjørnsrud og Figenschou 2016, s. 344). Politiske og administrative elitar kom her i størst grad til orde (42 prosent), noko som stadfesta dominansen av maktkjelder (ibid.).

Trass nummer fire på talet artiklar, er DN avisa med tydeleg flest kjelder frå arbeidsgjevarsida – 26 siterte (36 prosent i utvalet). Mellom anna kan det tenkjast kopla til avisas lesargruppe og økonomispesialisering. Som næringslivsavis vil dekninga av bygningsarbeidarar naudsynleg ta utgangspunkt i nettopp *nærings*perspektivet, og redaksjonen sine kjelder vil truleg høyre til dette feltet. I tillegg kan det tenkjast at desse høgareståande stemmene i medieutvalet elles kan ha med etikk og tilsvarsrett å gjere. I artiklar med eit tydeleg konflikttema, eksempelvis ”Timelønn: 8 kroner” (Klassekampen 28.07.06), må ein lyte til at den skulda arbeidsgjevaren får svare.

Eit utbreidd fenomen er at majoritetar og minoritetar frå yrkesgruppa i nærmast ikkje-eksisterande grad kjem til orde i same saker. Det skjer i berre éin av dei 238 artiklane. Dekninga syner seg distingvert: Arbeidsinnvandrarane får snakke i saker om sosial dumping, medan norske bygningsarbeidarar uttalar seg i saker om rekruttering, utdanning og statusen til yrket. Eit sitat frå ”Her skal de bygge og her skal de bo” i VG (14.01.07) synleggjer korleis denne skilnaden kan manifestere seg: ”– Polakkene sitter sammen fordi de hverken snakker norsk, engelsk eller tysk”, seier ein arbeidar. Uttalinga etablerer eit skilje mellom ”oss” og ”dei”, og slik vi skal kome tilbake til. Ofte vert austeuropeiske arbeidarar peikt på som nokon som gjev bransjen eit dårleg rykte, og skaper konkurranse så arbeidsforholda vert pressa for ”oss”. Ved å (nærmast) aldri vise yrkesgruppa saman, vil ein ikkje kunne få inntrykk av at dei har felles interesser i kraft av arbeidet sitt. Gjennom å definere gruppene gjennom ”oss” og ”dei”-kategoriane, bidreg det til ei form for annangjering. Dette fenomenet vil oppgåva gripe nærare an i den kvalitative analysen frå side 25.

Det einaste unntaket finst i ”Sikkerheten først” frå Magasinet (01.03.07, s. 41-45). I oppslaget som handlar om HMS-tiltak på ein byggjeplass i Nord-Norge, kjem to norske og ein polsk arbeidar til orde – og på lik linje. Dei tilfører reportasjen krydder frå grasrota i det dei får uttrykke sine positive reaksjonar på kva sikkerheitstiltaka har gjort med kvardagen. Blant fleire grunnar til at yrkesgruppa ikkje snakkar i same saker, kan det tenkjast at fagforeiningsleiarane i fleire artiklar snakkar som representant for alle. I tillegg kan det liggje strukturelle årsakar til grunn: Mange av dei utanlandske arbeidarane er tilsette gjennom

utleigefirma. Det kan hindre dei to gruppene i å i det heile vere saman på arbeidsplassen, og at enkelte byggjeprosjekt består av berre faste firmatilsette, eller berre innleidde.

Fleire delar av stemmerepresentasjonen i utvalet kan tenkjast som uttrykk for marginalisering: At ”noen former for erfaring blir definert som perifere” og at ”en mektig autoritet definerer *de andres* posisjoner” (Eide 2006, s. 244-245). Legg ein desse ordlydane til grunn, ser ein i dette utvalet at yrkesgruppa, i alle fall i enkelte av media, er blitt skyvde til randsona av kjeldegalleriet, og er overkøyrt av institusjonelle avløysarar si representantmakt. Slik dei kvantitative krysstabellane så langt har vist, kjem elitekjelder i langt større grad til orde enn bygningsarbeidarane sjølv i artiklar som handlar om dei. Ser ein nærmare på stemme 1 (mest taleplass) i saker med relevansen ”hovudtema” (at artikkelen eksplisitt dreier seg om forhold for yrkesgruppa), viser det seg at 19 prosent av dei siterte er yrkesgruppa. 28 prosent er avløysarar i form av fagforeiningsrepresentantar. Slår ein saman alle elitekjelder utgjer desse 80 prosent av stemme 1, sjølv om artikkelen her dreiar seg om bygningsarbeidarar eksplisitt. Slik vi har sett, er det skilnad mellom media, og det viser seg at redaksjonane som slår høgt ut på relevans òg er dei som scorer godt i bruk av yrkesgruppekjelder.

Om det ikkje naudsyneleg finst eit eintydig svar på kva dette skuldast, kan følgjande tenkjast å påverke forholda. For det første jobbar journalistar under eit aukande tidspress (NJ.no 2009). Med reduserte redaksjonar etter nedskjeringar, viser det seg ofte å vere like mykje arbeid, men fordelt på færre tilsette (ibid.). For å få fram arbeidarane sitt perspektiv, kan det difor tenkjast at terskelen er høgare for å dra ned på byggjeplassen enn å ta ein telefon direkte til fagforeiningane – som jo har som jobb å kjempe for gruppa dei representerer. Dei er trente i kva dei skal seie, har eit PR-apparat som legg til rette for intervjuavtalar, og jobbar med slike saker kvar dag. Motsett krev det journalistisk energi å dra ned til ein byggjeplass, som gjerne i tillegg ikkje har forholda i orden.

Reknar ein journalistane som ein del av eliten (definert av ORCD som ”øvre kultur”, høgt i middelklassen, sjå vedlegg 7.4.), kan det òg tenkjast rimeleg at ein – meir eller mindre umedvite – søkjer mot menneske som er like seg sjølv: Dømesvis i same klasse eller med likt utdanningsnivå. Journalistane sitt kjeldenettverk kan òg spele inn. I redaksjonar kor bygningsarbeidarar ikkje er eit uttalt prioritert dekningsområde, har ein gjerne heller ikkje etablert kontakt med grasrotkjelder i dette miljøet. Med den store førekomsten av utanlandske bygningsarbeidarar, kan kanskje også språket vere ei hindring for yrket å kome til orde. Dette vil bli diskutert under følgjande punkt.

**4.1.5. Innvandringskontekst**

Då EU utvida austover i 2004, opna det for arbeidsinnvandring til Noreg gjennom EØS-avtalen (Andersen og Jordfald 2016, s. 17). Den påfølgande tilstrøyminga av spesielt polske bygningsarbeidarar syner seg i store delar av artikkelpopulasjonen, særskilt i periodane i 2006 og 2007. I saker som handlar om dårlege arbeidsforhold, blir yrkesgruppa ofte nemnt i ein nasjonalitetskontekst: ”Polske bygningsarbeidere” og ”de øst-europeiske bygningsarbeiderne” er blant nemningane. Aktualiteten knytt til den dåverande politiske situasjonen kan ha gjort det relevant å omtale desse i ein nasjonalitetskontekst, ettersom forholda artiklane tek føre seg, ofte eksplisitt kan knytast til konsekvensar av arbeidsmigrasjonen.

I følgje FAFO-rapporten ”Arbeidstakere i byggenæringen 2008-2014” som vart lagt fram i januar i år, består byggjebransjen av 12 prosent austeuropearar (Andersen og Jordfald 2016, s. 7). I perioden forskarane tok føre seg, fann dei at storparten av sysselsetjinga i denne perioden kom frå austeuropeiske arbeidsinnvandrarar – utgjerande 79 prosent av veksten (ibid.). Dette er gruppa som i stor grad er kjeldene som slår ut i ”minoritet”-kategorien i denne oppgåva. Totalt i utvalet utgjer minoritetskjelder 12,5 prosent, som samsvarar med prosentfordelinga i yrket i røynda. Men med tanke på at store delar av artiklane tydeleg handlar om arbeidsforholda til nettopp austeuropearar, kan det likevel spekulerast i om denne fordelinga er noko skeiv. Av stemmene frå yrkesgruppa sjølv utgjer minoritetar 33 av 157, tilsvarande 21 prosent. Dermed er 79 prosent av dei siterte bygningsarbeidarane nordmenn eller i kategorien ”ikkje i Noreg”. Ettersom fleire enn 21 prosent av dei relevante artiklane omtalar austeuropearar, synest dette underrepresentert.

Magasinet for fagorganiserte viser seg igjen å vere publikasjonen kor grasrota, her ved minoritetane, i størst grad kjem til orde. I fleire nyheitssaker og reportasjar, til dømes ”Drømmen om god jobb i Norge ble et mareritt” (19.01.17, s. 18-23), er to polske bygningsarbeidarar dei mest siterte. Her får dei kome til orde med sine opplevingar frå arbeidsforholda dei har jobba under. Den kvalitative innhaldsanalysen vil sjå nærmare på denne artikkelen spesielt.

At minoritetane i liten grad får snakke, kan tenkjast samansett. Sidan byggjebransjen ikkje har noko formelt språkkrav, og mange av arbeidarane er på korttidsopphald (SSB.no 2017) og dermed ikkje treng obligatorisk norskundervisning (nyinorge.no), er det mogeleg at språklege barrierar hindrar kjeldene i å få kome til orde.

I tillegg kan ein kanskje sjå føre seg at meir står på spel for desse arbeidarane. Mange er ikkje fagorganiserte (bygg.no 04.03.15), og dersom sitata skulle få konsekvensar, har dei dermed ikkje noko sikkerheitsnett til å plukke dei opp. Fordi artiklane ofte er i ein kontekst av

konflikt, trussel eller arbeidsforhold, kan det difor tenkjast at arbeidarane er redde for å uttale seg. Dei austeuropeiske arbeidarane sitt forhold til media frå heimlandet kan òg spele inn. Polen har dei siste åra opplevd ein fallande tillit til media, og nyleg kom det fram at 34 prosent av polakkar stolar på pressa, mot eksempelvis 52 prosent i Nederland (Edelman.com 2017). Denne skepsisen kan kanskje vere ein av fleire grunnar til at minoritetane i nokon grad vert hindra i å snakke.

#### 4.1.6. Kjønn: Kjeldene og journalistane

At bygningsarbeidarane er ei mannsdominert yrkesgruppe (Bakken 2009, s. 82) syner seg i kjelderepresentasjonen: 80 prosent av stemmene ein kan identifisere kjønnet på er menn, og 20 prosent er kvinner. Blant yrkesgruppa sjølv er alle dei siterte menn.

Fagforeiningsleiarane i utvalet er også i stor grad menn (80 prosent). Dette kan mellom anna sporast tilbake til at fleire av desse sjølv har bakgrunn frå den aktuelle yrkesgruppa. Til dømes er Per Skau, ein mykje sitert Fellesforbundet-mann, tidlegare tømrar. Også arbeidsgjevarrepresentantane i artikkelutvalet er stort sett menn, noko som truleg kan koplast til sysselsetjinga i bransjen. Kjønnsbalansen blant forskarar og ekspertar er den mest jamne: Her er ein 54 prosent menn og 46 prosent kvinner.

Fordelinga mellom kva for kjønn som dekkjer dette temaet varierer mellom redaksjonane. Magasinet har flest artiklar skrive av kvinner (56 prosent), medan Dagsavisen og Klassekampen har flest menn med byline (høvesvis 75 og 71 prosent). Ein ser vidare i liten grad at journalisten sitt kjønn har innverknad på kjeldebruken. Det kjem om lag like mange menn, kvinner og yrkesgruppekjelder til orde i saker skrivne av dei respektive kjønna.

#### 4.1.7. Sjangrar

Det er skrive klart flest nyheitssaker om bygningsarbeidarar. Med 53 prosent av artikkelmassen, er det langt ned til notisen som står for 23 prosent av dekninga. Vidare følgjer eksterne bidrag (14 prosent), reportasjen (6 prosent) og interne kommentarar (5 prosent). Valet av sjanger viser seg å kunne ha innverknad på kjeldeutvalet – spesielt reportasjen. Sjølv om desse står for berre 14 av artiklane, står reportasjesjangeren for 30 prosent av yrkesgruppekjeldene til saman. Med 24 siterte bygningsarbeidarar vil det gje eit snitt på nesten to av desse stemmene per sak.

Dette funnet kjem òg til syne i Kumpu og Kunelius sine studiar: "Samanlikna med det totalet bilete i alle sjangrar (…) viser det seg at enkelte aktørar enklare fekk tilgang i desse meir journalist-drivne, "på-staden"-sjangrane. Til dømes verkar samfunnsborgarar å relativt

lett kome til i desse historiene” (2012, s. 327) [mi omsetjing]. Samstundes såg dei at desse ”vanlege” menneska sjeldan fekk hovudrolla i nyheitssjangrar elles (ibid.). Slik også denne kvantitative undersøkinga har sett fram, kjem yrkesgruppa sjeldan til orde som stemme 1, altså som den handlane hovudkarakteren.

I nyheitssaka er det mange ekspertar som kjem til orde. Berre fagforeiningsleiarane og arbeidsgjevarane utgjer til saman 41 prosent av kjeldene. Til samanlikning er yrkesgruppa representert med 16 prosent i denne sjangeren. Også i notisen er det elitekjeldene som pregar det avgrensa kjeldeomfanget. Notisar og nyheitssaker er dei mest konfliktprega, medan interne og eksterne kommentarar heller tek føre seg temaa generelle arbeidsforhold, politikk/arbeidsmigrasjon og rekruttering/utdanning. Eit omstende som kan ha prega sistnemnte er Jonas Bals si nyutgjevne bok *Hvem skal bygge landet?*, som utløyste debatt og kommentarar om statusen til yrkesfaga i Noreg i dag.

**4.1.8. Endring over tid**

Frekvensen i dekninga syner seg forskjellig mellom dei to periodane; 2006/2007 og 2016/2017. Totalt sett er 60 prosent av artiklane frå første tidsrom, medan 40 prosent kjem frå siste. I enkelte medium er skilnadane enno større: Blant Aftenposten sine saker er 79 prosent skrivne i 06/07-perioden, og berre 21 prosent i 16/17. Ein av grunnane til at Aftenposten står for såpass mange i første periode – og flest artiklar om bygningsarbeidarar til saman – kan tenkjast kopla til at avisa kom med to utgåver dagleg fram til 2009 (e24.no 24.02.09). Sidan har redaksjonen vore påverka av økonomiske utfordringar, store nedskjeringar, og i 2012 la dei ned Aften-utgåva (Dagsavisen.no 23.08.12).

Trass i fallande opplag, er Aftenposten den største avisa i den nyaste perioden, medan VG sto sterkast i den første (e24.no 12.05.10). Tilsynelatande har dette få utslag i dekninga av bygningsarbeidarar: Sjølv om Aftenposten er størst i utvalet i 16/17-perioden, står avisa for 13 prosent av dekninga. I motsetnad er 32 prosent av artiklane deira frå perioden kor VG er størst. Sistnemnte har produsert jamt i begge periodane (54 prosent er frå første, 46 prosent frå andre). Blant fleire årsaker, heng dette truleg saman med deira respektive profilar som hovudstraumspublikasjonar. Utan noko uttalt dekningsmål om denne gruppa, vil potensielle saker bli prioritert ut frå stoffmiksen og i lag med mange andre tema.

Også Dagsavisen har stor overvekt av saker frå den første perioden: 70 prosent. Avisa har, i likskap med Aftenposten, sidan slite økonomisk. Opplaget har falle med 12 prosent frå 2013 til 2016 (Medienorge.uib.no 2017), fleire tilsette har måtta gå, og seinast i haust mista publikasjonen fem millionar kroner i pressestøtte (Lysholm 28.10.16). På same tid vart avisa

tildelt ti LO-millionar for å prioritere arbeidslivsjournalistikk, noko som førebels ikkje har gjeve tydelege utslag i denne analysen.

Både DN og Magasinet ga ut 60 prosent av sakene sine i 2006 og 2007. For førstnemnte sin del kan dette igjen henge saman med den endra situasjonen for avisa: Fallande annonseinntekter, stort opplagstap og kompenserande innstrammingar og oppseiingar (Journalisten.no 08.06.16). Magasinet, derimot, har ikkje vore gjennom betydelege redaksjonskutt. Hyppigheita på utgjevnadane er den same, men ettersom det er analysert såpass få utgåver frå publikasjonen i forhold til dei andre, kan dette utslaget tenkjast tilfeldig.

Det einaste mediet som fråviker denne tendensen er Klassekampen. Her er 72 prosent av dekninga frå 2016 og 2017. Den mest nærliggjande grunnen til den store skilnaden finst truleg i storleiken. Avisa har dei seinare åra opplevd enorm vekst, med 21 prosent større opplag frå 2013 til 2016 (Medienorge.uib.no 2017). Avisa vart i haust, som nemnt, tildelt midlar frå LO for å dekkje arbeidsliv, med eit utgangspunkt i at dette var eit område dei allereie prioriterte. Dette kan tenkjast å påverke dekninga til å halde seg sterk i siste periode.

At fleire artiklar totalt sett vart skrivne i perioden 06/07 kan, i tillegg til ein svekkja mediebransje, mogelegvis også koplast saman med arbeidsinnvandringa som i denne perioden var relativt ny. To-tre år etter EU-utvidinga byrja konsekvensane av dei tilreisande bygningsarbeidarane å vise seg, noko som i stor grad vert reflektert i dekninga, og kanskje også i mengda saker.

**4.1.9. Oppsummering**

Ettersom redaksjonsspesifikke funn har blitt diskutert undervegs, vil oppgåva her forsøke å samanfatte hovudtrekka som kjenner att dei ulike media si dekning av bygningsarbeidarar. Slik ein kanskje kunne anta, vil DN som økonomiavis ha andre tilnærmingsmåtar til saks- og yrkesfeltet enn til dømes ”arbeidaravisa” Klassekampen. I datamaterialet kjem det til syne gjennom kjeldebruken (mykje elite, lite grasrot) og prioriteringa (mindre saker, låg relevans). Deira eigenproduserte artiklar om bygningsarbeid er i stor grad sett frå ein næringsståstad, gjennom auga til ein arbeidsgjevar eller sjef. Ut frå avisa sine dekningsområde, vil ein kunne tenkje elitekjelder som ein stor del av nettverket deira, og at desse vert siterte i naturen av innfallsvinkelen på sakene: Det handlar ofte om firmaa, ikkje arbeidsforholda på bakken.

Dagsavisen si dekning synte seg kanskje meir overraskande. Medan avisa viste seg høg på relevans, siterte dei få yrkesgruppekjelder og hadde få store saker. Sett i samband med deira oppseiingar, bemanningspress, og ei historie nært knytt til fagforeiningane, vil det kunne

vere med på å forklare deira posisjon i utvalet. Samanlagt viste bygningsarbeidardekninga seg sterkast i Magasinet. Fagbladet slår ut høgast i alle kategoriar i favør av yrkesgruppa, i tråd med oppdraget og dekningsområdet deira.

Slik ein har sett, skriv Klassekampen relevante artiklar med stor storleik og stemmer frå yrkesgruppa når dei dekkjer saker frå bygningsfeltet. Dei i større grad hovudstraums riksavisene verkar å ikkje ha eit like stort fokus på denne delen av arbeidarklassen. Når dette stoffet blir ein del av den generelle nyheitsmiksen, og ein ikkje har eit prioritert mål om å skrive om denne arbeidarklassen, må sakene truleg konkurrere mot andre store nyheiter.

Blant spørsmåla arbeidspakken i forskingsprosjektet stiller, er kor vidt artiklane omtalar arbeidarklassen som konsept overhovudet. I svært liten grad bruker dei undersøkte media ordlyden ”arbeidarklasse” eksplisitt når dei omtalar bygningsarbeidarar. Ein kan sjå føre seg fleire grunnar til dette: Arbeidarklasseomgrepet er, slik oppgåva har påpeikt, ikkje uproblematisk å plassere ei mangfaldig gruppe menneske i. I tillegg kan omgrepet tenkjast å ha negative, til dels nedsetjande, konnotasjonar. Likevel får ein i fleire oppslag inntrykk av at dette er ei gruppe som ikkje er høgast på samfunnsstigen.

For å samanfatte argumenta om dei ulike media sine profilar og dekningsoppdrag, er dette oppdagingar Sigurd Allern òg har gjort:

> Norge har to finansaviser, det finnes økonomiredaksjoner i radio og tv, spesialsider om økonomi og børsanalyser, men nesten ingen spesialiserte reportere i dagspresse og kringkasting som dekker stoff knyttet til folks arbeidsplasser, arbeidsmiljø og fagforeningenes arbeid. Unntak finnes først og fremst i LOs fagpresse, men samlet sett er nyhetsmedienes forhold til både arbeiderklassen og fagbevegelsen preget av manglende interesse og prioritering (2015, s. 98).

Slik det ovanfor er blitt belyst, kan dette mogelegvis sjåast i retning av ei symbolsk tilinkjesgjering av arbeidarklassen generelt (Allern 2015, s. 98), og denne yrkesgruppa spesielt.

## 4.2. Kvalitativ innhaldsanalyse

Vidare ynskjer oppgåva å gå nærare enkelte av desse artiklane. Ut frå resultata skissert ovanfor, er det blitt gjort eit utval av tekstar som står fram som typiske for dekninga elles, og dei enkelte media spesifikt. Til å studere dei framkomne trekka, er artiklane ”Drømmen om

god jobb i Norge ble et mareritt” frå Magasinet for fagorganiserte (19.01.17, vedlegg 7.1.), ”Timelønn: 8 kroner” (28.07.06, vedlegg 7.2.) frå Klassekampen og ”Advarer mot kaos på byggeplassene” (05.03.07, vedlegg 7.3.) frå Dagens Næringsliv valde. Desse er tekne ut fordi dei representerer saker kor høvesvis yrkesgruppa kjem til orde, representantmakt finn stad, og stor grad av annangjering og konflikt pregar saka.

Ei rekkje undersøkingar har vist at pressa sine presentasjonsval kan vere med på å styre kva for oppfatning lesaren får av ulike sakskompleks og kjeldene dei framstiller (Lindstad og Fjeldstad 1999, s. 18-19). Difor vil følgjande analyse ta utgangspunkt i spørsmåla: Korleis vert yrkesgruppa, spesielt arbeidarane med minoritetsbakgrunn, framstilte når dei får snakke? Og korleis kjem ei eventuell representantmakt til uttrykk?

**4.2.1. Magasinet for fagorganiserte: ”Drømmen om god jobb i Norge ble et mareritt”**

Denne artikkelen tek føre seg dei tilsynelatande uhaldbare arbeidsforholda to polske handverkarar har måtta jobbe under. Brørne var lova 170 kroner timen, men enda opp med å bu i ei lekkjande campingvogn med ein korgstol som toalett, og meiner no dei har krav på 215.000 kroner i utestående løn. Første gong hovudaktørane vert skrivne om, er det med nemninga ”de *polske* håndverkerne”. Altså vert dei plasserte direkte i ein kontekst av nasjonalitet. Likevel kan dette tenkjast relevant for oppslaget: Sosial dumping og utnytting av utanlandsk arbeidskraft har vist seg i fleire samanhengar å ha direkte korrelasjon med tilstrøyminga av arbeidsinnvandrarar til Noreg.

Yrkesgruppa er dei første som kjem i tale – tidleg i saka. Dette etablerer dei straks som sakas hovudfokus, og kan sjåast på som eit uttrykk for prioritering. Den neste kjelda som snakkar, tek arbeidarane i forsvar; representanten frå det lokale Fellesforbundet. Lengst nede av stemmene kjem den skulda arbeidsgjevaren og advokaten hans til orde.

Når dei polske arbeidarane får snakke, er deira bidrag knytt til skildringar av eigne erfaringar. “For meg har dette vært bortkastede år, sier Andrzej. Så mye elendighet og krangling, og ingen penger” er eit døme på eit slikt sitat. Brørne sine replikkar ber kjensler og personlegdom til situasjonen som elles blir presentert i brødteksten gjennom formuleringane til journalisten. Basert på fleire nylege studium ”(…) har [det] blitt føreslått at stemmer frå vanlege folk [i media] manglar politisk djupne og meining – at deira reaksjonar på offentlege problem er drivne av kjensler i staden for rasjonell refleksjon” (Pantti og Husslage 2009, s. 6) [mi omsetjing]. Brørne sine sitat skaper sympati for dei som offeraktør, slik vi snart skal sjå nærare på. Medan bygningsarbeidarane tilfører personlege erfaringar, er forløpet i saka late over til Tønnesen i Fellesforbundet, som stiller med dei praktiske, faglege og juridiske

vurderingane på vegne av arbeidarane. Sjølv om yrkesgruppa sjølv kjem til orde, ser ein her ein distinksjon mellom rollene dei blir framsette i.

Totalt sett er det via mykje spalteplass til å skildre arbeidarane sin konkrete, frustrerte situasjon, men brørne blir ikkje gjevne att i direkte sitat i noko stor grad. Ofte er det snakk om korte setningar, til dømes deira første sitat: "No more camping in Norway" (som, sitert på engelsk, òg understreker deira ikkje-norske opphav). Sitat er, ifølgje Eide, eit direkte teikn på at journalisten lar kjelda representere og uttrykke seg sjølv med deira eigen ordlyd (Eide 2011, s. 148). Ordknappe sitat kan ein også sjå att i funna Thorbjørnsrud og Figenschou framsette om irregulære immigrantar (2016, s. 347). Når desse kom til orde, var sjeldan sitata meir enn ei eller få setningar (ibid.).

På Eide sin kjeldestige vil ein kunne finne desse arbeidarane i sjiktet mellom rollene "ei-setnings case" og "dei andre med ei livshistorie" (Eide 2011, s. 151-153). Dei får fortelje ei (lita) historie, men den vert i stor grad gjeve att gjennom journalisten sin penn, krydra med korte setningssitat innimellom. Ettersom denne saka handlar om ein konkret situasjon desse arbeidarane er påverka av, kan det tenkjast at saka sin natur ikkje naudsyneleg opnar for refleksjon utover skildringane av opplevingane.

Journalisten sine ordval og nemningar (til dømes anføringsverb, pronomen og adjektiv) kan vere med på å byggje opp under – eller svekkje – truverdet til ei kjelde eller aktør (Hågvar 2007, s. 97). I artikkelen nyttar journalisten eit metaforisk adjektiv for å understreke den fortvila situasjonen arbeidarane er hamna i: "Uten inntekter må de leve på ektefellenes *beskjedne* lønn". Eit døme på det motsette kan ein sjå i sakas indirekte omtale av den skulda arbeidsgjevaren: "Arbeidsgiveren *hevder* at han ikke visste at forholdene var så ille". "Hevder" vert rekna som eit negativt anføringsverb som kan tenkjast å degradere posisjonen til sitatet.

I motsetnad til elitekjeldene i saka, nemner journalisten dei polske stemmene med fornamn etter første presentasjon. Dette kan tenkjast som eit uttrykk for at desse representerer "vanlege folk" – arbeidarane på golvet. Når dette ikkje gjeld kjeldene elles, verkar det potensielt til å nedgradere arbeidarane sin posisjon i kjeldehierarkiet, og gje dei andre meir tyngd og makt. Å nemne arbeidarar med førenamn går att i fleire av artiklane til Magasinet.

Artikkelen er vinkla på ein fordelaktig måte for arbeidarane, og tek slik sett deira side. Som LO-fagblad som går ut til lesarar som høyrer til yrkesgruppa, resulterer det kanskje naudsyneleg i at dette perspektivet blir det prioriterte. Journalistiske prosessar er resultat av medvitne eller umedvitne val, og ei ramme eller vinkel kunne alltid vore annleis (Allern 2015, s. 183 og Hågvar 2007, s. 22). Ut frå det arbeidsgjevaren kjem til orde med, ser det ut som at

han meiner at store delar av situasjonen er misforstått: Bygningsarbeidarane har øydelagt campingvogna hans, og han hevdar å ikkje ha visst kor ille omstenda var. Ei motsett vinkling kunne her tenkjast å ha vore at arbeidarane no urimeleg vurderte sak mot arbeidsgjevaren, etter at dei sjølvforskyldt hadde øydelagd buomstenda. Saka introduserer arbeidsgjevaren slik: ”For å være snill, lot jeg dem bo gratis i vogna”. At dette er det første han får kome til orde med, er truleg med på å byggje inntrykket ein får av denne aktøren som ein slags utnyttar.

Historia om dei polske arbeidarane kan tenkjast plassert inn i eit klassisk tragisk narrativ (Allern 2015, s. 66 og 70) – draumen som brast. Allereie tittelen peiker på dette. Saka framstiller to uprivilegerte ”på golvet”-arbeidarar med eit mål. På ærleg vis søkte dei å gjere livet betre for seg sjølv og familien: ”(…) da jobbmarkedet tørket inn for dem i hjemlandet, prøvde de som mange andre polakker lykken i Norge”. Brørne blir presentert for eit håp: Dei har høyrt fleire suksesshistorier frå polske som har teke arbeid i Noreg, og freistar lukka sjølv. Kort tid etter vert dei møtt av ei hindring; den utspekulerte norske arbeidsgjevaren som vil utnytte dei, og som lurer dei polske, uorganiserte arbeidarane til dårleg løn og uverdige arbeidsforhold. Historia, trass med innslag av ein fagforeiningsarbeidar som potensiell helt, ender i at offera står igjen på bar bakke.

Slike handlingsmønster er attkjennelege, med etablerte rollefigurar som til saman skapar ein årsakssamanheng (Allern 2015, s. 69-70). I nyheitsforteljingar er det ofte nettopp ”vanlege folk” som vert tildelt offerrolla, den med makt som får skurk- eller motstandarrolla og journalisten som vert helten ved å setje saka på dagsorden (Hågvar 2007, s. 99 og 104), slik ein også ser i denne saka. Å plassere nyheita inn i ei slik forteljing kan tenkjast å bidra til å plassere lesaren sin empati eller ståstad i saka, og gjere nyheita personorientert, nær og engasjerande (Allern 2015, s. 68). Likevel er slike framstillingsmåtar blitt kritiserte for å redusere grasrotrepresentantane til ei mindreverdig rolle (Hågvar 2007, s. 104). Saman med arbeidarane sitt manglande sitatomfang, avgrensa til personlege opplevingar, vil kanskje denne teksten til dels òg kunne stadfeste dette.

Artiklar som denne, som er symptomatisk for fagblad-dekninga, manifesterer funna til Kumpu og Kunelius om at grasrotkjelder i større grad kjem til orde i reportasjesjangeren enn i nyheitssjangrar (2012, s. 327), slik det også vart fastslått i den kvantitative innhaldsanalysen.

**4.2.2. Klassekampen: ”Timelønn: 8 kroner”**

Også i denne saka vert nasjonalitetsaspektet sett frå starten, då ”utenlandske snekkere” er dei første orda i ingressen. Artikkelen etablerer vidare dei austeuropeiske arbeidarane som *dei andre* (jf. Eide 2011, s. 149): ”Norske snekkere tror jeg ikke ville funnet seg i dette”, fortel

Gunn Gjevestad, seniorinspektør i Arbeidstilsynet vidare. Ved å understreke dette i saka, skapar ein eit skilje mellom den underprivilegerte minoriteten, og majoriteten. Sitatet skriv seg inn i ein kontekst som gjer seg gjeldande i tida artikkelen vart skriven i: "(…) innvandrerne «tar jobbene som nordmenn ikke vil ha». I realiteten betyr det at de jobber for en lønn og med arbeidsbetingelser som andre norske arbeidstakere ikke vil godta" (Friberg og Tyldum (red.) 2007, s. 10). Slik kan ein truleg sjå dette som ein måte å distingvere desse som ein motsetnad (Eide 2011, s. 19) – samstundes som nemninga er basert på faktiske forhold.

Slik ein såg i resultata ovanfor, indikerer fleire faktorar at Klassekampen si arbeidarorientering får utslag i bygningsarbeidardekninga. Karakteristikkane gjennom adjektiva "*grovt* underbetalt" og "*elendig* betaling" kan truleg sjåast på slik, ettersom dette er formuleringar journalisten sjølv fører i teksten. Vala av desse adjektiva underbyggjer arbeidarane si sak, og er med på å understreke deira side som urettferdige offer i situasjonen.

Stort sett representerer kjeldene, og rekkefølgja dei vert presenterte i, ei side som er fordelaktig for arbeidstakarane. Først skildrar Arbeidstilsynet dei dårlege forholda, deretter kjem Fellesforbundet til orde og gjer greie for den frustrerte situasjonen generelt. Først til slutt gjev artikkelen att eit sitat som styreleiaren i snekkerfirmaet har sagt til lokalavisa Varden. Rekkefølgja kan både tenkjast logisk og/eller umedvitent strukturert. Arbeidstilsynet er ein naturleg første aktør, ettersom dei avdekte situasjonen artikkelen handlar om. Sidan Klassekampen ikkje har lukkast i å få kontakt med Telemark Snekkerverksted, er deira tilsvar redusert til éi uttale mot slutten.

Gjennomgåande i saka er kontrasten mellom dei stakkarslege bygningsarbeidarane og den overdådige luksusen dei jobbar med: "Utenlandske snekkerne bor i campingvogn uten vann og toalett og får elendig betaling mens de bygger luksushytter i den norske fjellheimen" og "Estiske og polske arbeidere bygger svære luksushytter til nordmenn, men arbeidsforholdene er alt annet enn luksuriøse". Å slik stille desse forholda opp mot kvarandre, vil truleg kunne ha til funksjon å understreke den dårlege situasjonen, og dessutan bidra til å legitimere kravet arbeidarane no sett fram.

I saka får ingen av dei utanlandske snekkarane kome til orde, truleg eit uttrykk for både representantmakt og marginalisering. Då arbeidarane tilsynelatande ikkje var organiserte, representerer korkje Fellesforbundet eller Arbeidstilsynet desse. Likevel tek sistnemnte snekkarane sine ord i sin munn: "De er jo så flinke, og veldig stolte av arbeidet sitt", seier seniorinspektør Gjevestad. I sitatet framstiller ho arbeidarane som ei gruppe dyktige folk med noble føremål som har blitt utnytta. Ho blir saka si representasjon av grasrota, med ei påstått målbering av deira interesser (Tvedt 2009, s. 27). Når yrkesgruppa

sjølv ikkje får kome til orde, vil dei representerte elitekjeldene kunne ha stor påverknad på rammene og rollene ”dei andre” får bli framstilte innanfor (Eide 2011, s. 17).

På Eide sin kjeldestige finn ein yrkesgruppa på trinn éin i denne saka: ”Dei stillgjorte andre – observert eksternt” (2011, s. 149) [mi omsetjing]. Situasjonen rundt arbeidsforholda er i stor grad gjeve att gjennom journalisten sine skildringar og forklaringar. Fråveret av bygningsarbeidarkjelder kan truleg ha fleire forklaringar, men tidspress og språkvanskar vil kunne tenkjast nærliggjande (Eide 2011, s. 149). Når arbeidarane vert adresserte, er det utelukkjande som ei gruppe: ”Utenlandske snekkere”, ”estiske og polske arbeidere” og ”et snekkerlag fra Polen”, noko som igjen er med på å distansere arbeidarane frå teksten.

**4.2.3. Dagens Næringsliv: ”Advarer mot kaos på byggeplassene”**

Denne saka er eit tydeleg døme på ei konfliktorientert sak. Allereie frå ingressen vert det manifestert: ”Tillitsvalgte i syv norske byggekjemper mener det hersker kaos på byggeplassene etter østeuropeernes inntog i det norske arbeidsmarkedet”. Her blir det framsett eit årsak-verknad-forhold kor austeuropearane vert den utløysande faktoren for den kaotiske situasjonen. Vidare i teksten blir dette ytterlegare framheva: ”EU-utvidelsen i 2004 åpnet opp for at ny arbeidskraft skulle løse både kapasitets- og prisproblemene. Nå er det for mange folk på byggeplassene (…). Det medfører rot og feil i byggeprosessen” og ”(…) språkbarrierer fører til misforståelser”.

Undervegs vert det peikt mot det abstrakte ”leiinga”, som etter som det vert sagt, styrer byggjeplassen til dårleg produktivitet. Ut frå dei attgjevne sitata, kan ein truleg likevel utleie at situasjonen, meir eller mindre kausalt, også har skuld hos arbeidsinnvandrarane. Slik kan ein gjennomgåande sjå sitata som koherente (samanhengande) i teksten (Hågvar 2007, s. 23 og 183): Lesaren kan raskt trekkje konklusjonen at austeuropearane skapar problem på norske byggjeplassar. Alternativt kunne framstillinga vore at EU sitt tenestedirektiv, som skuldast den påfølgjande arbeidsinnvandringa, er årsaka til kaoset. Gjennom å knytte utfordringa til ei konkret aktørgruppe, gjer det saka meir handfast, og det kan tenkjast å auke nyheitsverdien (Hågvar 2007, s. 192). I tillegg opnar det for å plassere aktørane i roller: Dei norske bygningsarbeidarane som offer, og både austeuropearane og (i mindre grad) konsernleiinga som skurkar, som slik ein såg i Magasinet-artikkelen, skapar ei meir engasjerande og heilskapleg (nyheits)forteljing (ibid.).

Slik Mėlinauskaitė fann, er dette symptomatisk for korleis minoritetar (litauarar spesielt) vart omtalte i norsk presse rundt denne perioden: I ein kontekst av konflikt, og/eller med eit fokus nasjonalitetsgruppa som eit problem (2010, s. 40). Fleire studiar frå Fjeldstad

og Lindstad), har òg synt at framstillinga av utlendingar i stor grad har vore dominert av eit bilete av ”dei” som ei byrde for det norske samfunnet (1997, s. 5).

I enno større grad enn førre artikkel ser ein *annangjering* kome til syne her. Gjennom å framheve kulturskilnadane mellom dei norske og austeuropeiske tilsette: ”I tillegg er det kulturkrasj mellom østeuropeiske og norske ansattes arbeidstradisjoner” og ”de utenlandske arbeidere [er] mer vant til toppstyring”, skil teksten arbeidsinnvandrarane ut som ei gruppe som avviker frå norma (Eide 2006, s. 244). Det blir etablert eit ”vi” og eit ”dei” som binære strukturar (ibid.) – dei som var tilsette frå før, mot det nye problemet. Lesaren får aldri vite kven desse arbeidarane *er*: Dei vert utelukkjande sett på utanfrå som ei gruppe. Liknande fann Eide at personar med utanlandsk bakgrunn som ”dei andre” ofte blir framstilte som eit problem, og i samband med konflikt og kriminalitet (2007, s. 177).

Den einaste direkte siterte munnlege kjelda i saka er ein nordmann, konserntillitsvalt i Veidekke. Ettersom han er den einaste som snakkar, vil naudsyneleg hans fråsegn prege teksten. Hans posisjon og engasjement vert mellom anna stadfesta gjennom bruken av adjektiv: ”(…) sier en *bekymret* konserntillitsvalgt”. Artikkelen siterer også eit åtvaringsbrev fleire tillitsvalde skal ha sendt DN. Ordlydane: ”(…) innleie fra øst er blitt til flere kokker og mye søl” og "Produktiviteten er synkende og kvaliteten så som så", underbyggjer det som tidlegare er gjeve att frå den Veidekke-tilsette. Ettersom brevet kan reknast koda ut frå same kjeldeposisjon som den munnleg siterte tillitsvalde, kan ein utleie at dei fleste sitata i saka bidreg til å understreke problemet frå dette perspektivet. At det aldri vert motsagt, kan tenkjast å styre lesaren si oppfatning av forholda.

Ettersom oppslaget dreier seg om fleire firma, representerer denne eine tillitsvalde tilsynelatande ikkje arbeidsinnvandrarane. Kanskje vel så fruktbart er det vidare å sjå kven som *ikkje* kjem til orde i teksten (Hågvar 2007, s. 87). Sjølv om austeuropeiske bygningsarbeidarar er ein del av hovudfokuset i saka, er det ingen stemmer frå minoritetsgruppa til stades. Dei blir omtalte, og til dels kritiserte, men får ikkje presentere sitt perspektiv – korkje direkte eller gjennom ein avløysar. Her er ”dei andre” igjen på trinn éin på Eide sin kjeldestige, kor dei vert observerte og omtala utanfrå (2011, s. 149-150). Perspektivet deira er fullstendig utelate, ein indikasjon på marginalisering (jf. Eide 2006, s. 244).

Heller ikkje arbeidsgjevarane, skulda for dårleg leiing og organisering, får kome til orde i saka. Det kan tenkjast både bevisst og ubevisst valt. Modellesaren – kompetansesettet som journalisten føreset hos mottakaren (Hågvar 2007, s. 53) – vil i DN vere kunnskap om næringslivet, gjerne hos ein som sjølv er ein del av det. I denne kategorien vil ein kunne finne mange firmaleiarar. Skulda i saka er til dels – i alle fall lese gjennom formuleringane og sakas

struktur – skyvd frå arbeidsgjevarane og strukturelle politiske forhold, til dei austeuropeiske arbeidarane. Slik framsette også Hågvar ein hypotese om at ”teksten legger skylda på den aktøren den minst retter seg mot” (2007, s. 192). Kanskje vil det kunne tenkjast at DN har framstilt arbeidsinnvandrarane som syndebukk – medvite eller ikkje – fordi dei vil vere ei lite relevant lesargruppe for avisa.

Også ordlyden kring dei utanlandske arbeidarane kan peike i retning av skuld i problemet. Artikkelen inneheld ei lingvistisk referentkjede, ei kopling mellom ulike storleikar i innhaldet som skaper samanheng i teksten (Svennevig, Sandvik og Vagle 1995, s. 141). Denne er samansett av ord som ”rot”, ”kaos”, ”feil” og ”problemer”, nemnt i samband med austeuropearane. Orda peiker alle i ei negativ retning, og understreker jamt dei dårlege arbeidsforholda. Som heilskap indikerer referentkjeda arbeidsinnvandrarar som ei bør, og er språkleg med på å byggje opp under ”dei andre” som eit problem. Slike tekstar risikerer å bidra til å auke skepsisen mot slike grupper (Hågvar 2007, s. 220).

## DEL 5: Konklusjon

Innleiingsspørsmålet ”Kva kjenneteiknar norsk dags- og fagpresse si dekning av bygningsarbeidarar?” har ovanfor blitt forsøkt avdekt ved hjelp av ulike tilnærmingar. Med bakgrunn i dei føregåande analysane, vil oppgåva til slutt forsøke å samanfatte svaret, setje lys på samanhengar, og peike framover på mogelegheiter innanfor dette feltet.

Eit særteikn ved dekninga kan knytast til saksområda sosial dumping og svart arbeid, ofte i ein kontekst av konflikt. EU-utvidinga i 2004 byrja i analyseperioden å setje sitt preg på arbeidslivet, og dermed dekninga av byggjebransjen – eit felt som opplevde stor tilstrøyming av arbeidsinnvandrarar. Grov underbetaling, uverdige butilhøve og ulovlege kontraktar er berre nokre av scenarioa artiklane i oppgåva avdekkjer. Titlar som ”Betaling i sigaretter” (VG 24.02.17, s. 18), ”Måtte jobbe «dugnad» på sjefens hytte” (Dagsavisen 23.03.17, s. 8-9) og ”Litauere jobbet for 13 kroner timen i Oslo” (Aftenposten 25.09.06, s. 2) er illustrerande på eit fenomen som pregar artikkelmassen.

Vidare har det teikna seg eit skilje mellom nordmenn og austeuropeiske arbeidarar i artiklane. Språkbarrierar og ulike arbeidskulturar er blant det som har distingvert ”dei andre” frå ”oss” i omtalen. I tillegg såg ein at journalistane aldri – med eitt unntak – siterte minoritetar og majoritetar i same sak. At samtlege oppslag om bygningsarbeidarar berre vil vere relevante for éi av gruppene, vil kunne tenkjast unaturleg. Utvalet peiker med andre ord på eit lågt tilfang av mangfaldige yrkesgruppestemmer som står saman om felles interesser.

Fleire fagforeiningsstemmer enn yrkesgruppestemmer er siterte i materialet totalt – ein indikasjon på at representantmakt finn stad. Sjølv om bygningsarbeidarar står for 18 prosent av kjeldene, opptrer dei relativt sjeldan som stemme 1 og stemme 2. Dei snakkar lenger uti i sakene, omfanget er kortare, og er i stor grad reduserte til å skildre kjensler og opplevingar. Arbeidarane kom sjeldan til orde åleine; dei fleste artiklane hadde òg ein LO-representant til stades. Som stemmegruppe er det berre fagforeiningsleiarar som har fleire siterte, men tett oppunder yrkesgruppekjeldene følgjer arbeidsgjevarar og forskarar. Bygningsarbeidarane utgjer heilskapleg i underkant av éin av fem stemmar.

Slik oppgåva tidlegare har føreslått, kan avgrensingar i eigarskap, politisk tilhøyre, lesargruppe og uttalte dekningsmål påverke dette. I tillegg har ein dei seinare åra kunne sjå stadig fleire redaksjonar redusere bemanninga, og eit tilsvarande auka produksjonspress på dei som er igjen. Kausalt kan dette ha resultert i mindre tid til å kartleggje og hente inn stemmer frå byggjeplassen. I staden verkar eit nærliggjande nettverk av elitekjelder, eller enkelt tilgjengelege stemmer frå fagforeiningane, å ha blitt alternativet.

I samfunnsoppdraget journalistikken gjev seg sjølv gjennom Ver varsam-plakatens første del, heiter det i følgjande punkt at:

> 1.2 […] Pressa har eit særskilt ansvar for at ulike syn kjem til uttrykk.
> 1.4 Pressa har rett til å informere om det som skjer i samfunnet, og avdekkje kritikkverdige forhold.
> 1.5 Pressa har til oppgåve å verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømming frå offentlege styresmakter og institusjonar, private føretak eller andre (presse.no 01.07.15).

